



Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008 100132 - 36	Doknr.:
Mottatt: 26 MAR 2008	
Saksbeh.: ASR/MAL BRE	Arkiv: 470
Dyktar ref: 200800132	
Vår dato: 25.03.2008	

Vår ref.: 2008/1229 dha
Arkivnr.: 420.0

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høring – "Klimaskifte for jordvernet" – rapport frå Jordverngruppa

Fylkesmannen syner til brev frå Landbruks- og matdepartementet dagsett 25.01.08 og til vedlagt rapport frå jordverngruppa: "Klimaskifte for jordvernet".

Med bakgrunn i ønske frå regjeringa om å styrke jordvernet, målet om å halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010 og uro for den høge omdisponeringstakta, sette Landbruks- og matministeren ned ei arbeidsgruppe som skulle:

1. Gi innspel til arbeidet med ny plan- og bygningslov
2. Halde tematiske møte med landbruks- og miljøorganisasjonar og samferdselsstyremakter
3. Hente inn idear til nye verkemiddel
4. Vurdere status og foreslå verkemiddel for et sterkt jordvern

Jordverngruppa har desse momenta som grunngeving for eit sterkt jordvern:


- våre etterkommere skal ha muligheten til å produsere egen mat på egen jord
- klimaforandringene vil endre forutsetningene for matproduksjon over hele kloden
- økt etterspørsel etter matvarer, blant annet i folkerike land som Kina og India, gir økt behov for arealer til jordbruk
- nok mat, trygg mat, kortreist mat og god mat blir en viktigere del av vår livskvalitet
- økt etterspørsel etter biodrivstoff vil kunne legge beslag på store jordbruksarealer verden over
- et aktivt jordbruk er grunnlag for lokal bosetting, foredling og verdiskaping, og for den store matvareindustrien
- levende bygder og velpleide kulturlandskap er viktig for norsk identitet og for Norge som reisemål
- lokal produksjon basert på lokale genressurser reduserer faren for spredning av sykdommer og fremmede arter
- jorda i Norge kan produsere mat til millioner av mennesker lenge etter at Nordsjøen er tom for olje og gass

Status i arbeidet med å nå halveringsmålet blir av gruppa vurdert slik:

Jordverngruppa mener at det nasjonale jordvernålet må forstås slik:

- "De mest verdifulle jordressursene" er dyrka mark
- Omdisponeringsnivået pr. 2010 må ikke overstige 5 700 daa dyrka mark, for at jordvernålet kan sies å være nådd

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59	Lagårdsv. 78	51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
4001 Stavanger	Stavanger	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
		51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811



- Det ble registrert omdisponert 11 653 dekar dyrka mark i 2004, 6 657 dekar i 2005 og 7 643 dekar i 2006.
- Tallene for registrert omdisponert areal er usikre. Vi vet at tallene for 2005 og 2006 er lavere enn de reelle, grunnet underrapportering, jf SLF-rapport 16/2006 og 20/2007.
- Takten på omdisponering av verdifulle jordressurser er høyere enn det politiske målet tilsier.
- Det er usikkert om målet om å halvere omdisponeringen innen 2010 vil kunne nås.

Jordverngruppa si vurdering av eksisterande verkemiddel

- Planprosessene er hovedarena for arealforvaltning
- Pbl har virkemidler, men de blir ikke utnyttet godt nok:
 - Kommunene prioriterer ikke jordvern tilstrekkelig*
 - Regionale organer bruker ikke innsigelses/klage i stor nok grad*
 - Viktige nasjonale hensyn mekles bort for regionale kompromisser*
- Riksrevisjonen dokumenterer at utviklingen ikke er i tråd med nasjonale mål og retningslinjer – jfr Dok. Nr. 3:11
- Jordverngruppa mener at dagens jordlov ikke ivaretar jordvernet godt nok
- Jordvernet har ikke sterk nok vekt i samferdselssaker – transportutbygging som legger til rette for å dreie utbyggingsmønsteret må prioriteres bl.a. i NTP

Framlegg til nye verkemiddel:

1. Det utarbeides et informasjonsprogram med sikte på å "vinne hjertene" for jordvern.
2. Det gis støtte til Planlovutvalgets forslag om styrking av virkemidler i plan- og bygningsloven som gir anledning til å regulere arealbruken, herunder ivareta jordvern.
3. Det tas initiativ fra sentrale myndigheter til igangsetting av regionale planprosesser.
4. Det utarbeides nye Rikspolitiske retningslinjer for jordvern. (eller jordvern gjøres tydeligere i andre RPR)
5. Jordlova styrkes som virkemiddel for jordvern (-landbrukets bygninger underlegges kravet om omdisponeringstillatelse, beslutningen om overføring av avgjørelsesmyndighet til kommunene vurderes på nytt, lovhjemmel for Fylkesmannen til å føre tilsyn med kommunene)
6. Det utarbeides en hjemmel for vern av jordressurser
7. Sentrale myndigheter må i Nasjonal Transportplan sørge for å prioritere utbygging av transportsystemet som er nødvendig for å dreie utbyggingsmønsteret mot områder med mindre arealkonflikter
8. Dokumentasjon av arealverdiene, og kunnskapen om utviklingen i arealbruken, må forbedres

9. *Prioriteringen av jordvernet i styringsdialogen mellom LMD/SLF og Fylkesmannen må gjøres enda klarere enn i dag. Styringsdialogen med FLS styrkes*
10. *Uavhengig av forvaltningsreformen må det beholdes et sterkt kompetansemiljø for landbruks-, areal- og ressursforvaltning på statlig regionalt nivå, for å sikre ivaretagelsen av den nasjonale jordvernpolitikken*
11. *Det utarbeides et nytt og ambisiøst politisk mål for ytterligere reduksjon i omdisponeringen av dyrka mark*

Fylkesmannen si uttale

”Kampen om areala” i Rogaland

Rogaland har om lag 1.000.000 dekar jordbruksareal – 600` daa dyrka, 400` innmarksbeite. Dette utgjør 11% av landarealet i fylket. 53 % av disse areala ligg i dei 10 kommunane på Jæren - innafor planområdet for Fylkesdelplan for langsiktig byutvikling Jæren. Dette er jordbruksareal av nasjonal verdi i beste klimasone og her er veksten og presset på areala størst. By-, og tettstadsveksten gir vedvarande høg konflikt, press på matjorda og behov for regional og nasjonal styring, særleg fordi sentre og infrastruktur er lokaliserte midt i ”matfatet”.

Rogaland, både Jæren og store delar av Nord-Rogaland, er ein region prega av stor vekst i folketalet, særleg høg kjøpekraft og velstand og eit dynamisk næringsliv. Areal vil her alltid vere ein avgrensa ressurs. Regionen vil innan areal- og ressursforvaltning aldri komme i ei situasjon med ”harmonii”. Motstridande interesser for bruk og vern av areal av nasjonal og regional verdi vil krevje høg administrativ og politisk kompetanse, og ein styringsambisjon om å følgje opp vedtekne planar. Avvik frå overordna planer undergrev ei føreseieleg arealforvaltning, gir planane mindre legitimitet og svekker konkurransekrafta for regionen. Arealforvaltning er grunnlaget for all samfunns- og næringsutvikling. Rogaland si evne til å handtere konflikt og velje mellom kryssande brukarinteresser, vil i stor grad påverke vår framtidige konkurransevne. Det å sikre areal til matproduksjon og grøntområde vil vere viktig for regionen som bu- og arbeidsplass i framtida. ”

Den historisk langvarige økonomiske høgkonjunkturen i fylket og stor folkevekst, særleg i sentrale delar, utgjør ein trussel mot å kunne sikre nasjonale jordbruksareal mot nedbygging. Ein slik vekst kan på sikt gi potensiale for å byggje ned store delar av jordbruksområda på Jæren, og då særleg i nordre del. Eit mål og ei utfordring for Rogaland må difor vere å få veksten meir spreidd til heile fylket, meir enn det ein klarar i dag.

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i Rogaland

Omdisponering av dyrka jord auka i Rogaland frå 773 dekar i 2005 til heile 1892 dekar i 2006. Ingen andre fylke omdisponerer dyrka jord i dette omfang. Sør-Trøndelag ligg nest høgast i statistikken med 677 dekar nedbygd dyrka jord.

Statistikken frå SSB er henta frå det kommunale rapporteringssystemet KOSTRA og gjeld dyrka og dyrkbar jord omdisponert etter plan- og bygningslova og jordlova til anna føremål enn landbruk.

For omdisponering av *dyrkbare* jord syner statistikken for Rogaland ein nedgang frå 2402 daa i 2005, til berre 539 daa i 2006. Det høge talet frå 2005 skuldast truleg rapportering av dyrkbare jord i reguleringsplan for vindkraft på Høg-Jæren, i Time kommune.

Totalt blei 2431 daa dyrka og dyrkbare jord omdisponert i Matfylket Rogaland i 2006. Talet for 2005 var 3175 daa. Når det gjeld den dyrka jorda blei 1641 av dei 1892 dekar i 2006 omdisponerte på Jæren. Det vil truleg bli positive effektar av eit aktivt fylkesdelplanarbeid med fokus på jordvern. Det er ein klår utvikling mot betre arealutnytting og aukande grad av fortetting i eksisterande sentre, noko som truleg vil gi redusert årleg arealavgang til utbygging. Dette er også viktig for å kunne redusere transportarbeidet.

Avgang dyrka og dyrkbare jord i Rogaland har i tidlegare år vore 2000-3000 dekar.

Rapporteringa frå kommunane for "Forvaltning av landbruksareal" er svært varierende og til dels mangelfullt, også for Rogaland. SLF gjennomførte i 2007 ei vurdering av rapporteringa for 2006 og konstaterte at det er grunnlag for å konkludere med at det framleis er ei vesentleg grad av underrapportering på området, særleg når det gjeld nedbygging av jordbruksareal. Det er grunn til å tru at rapportering frå kommunane i KOSTRA i Rogaland også er av varierende kvalitet.

Dei mangelfulle tala gjer ei resultatmåling av arbeidet knytt til målet om å redusera den årlege nedbygginga av dyrka og dyrkbare jord innan 2010, svært utfordrande.

Rogaland har gode planverktøy, god dialog mellom regional stat og primærkommunane og erfaring med å løyse saker lokalt, sjølv om konfliktnivået knytt til jordvernomsyn er vedvarande høgt. Det er ingen ting som talar for at konfliktnivået vil bli lågare framover.

Bruk av fylkesplanar



Oppfølging av dei "gjensidig forpliktande" fylkesdelplanane for areal- og transport på Haugalandet (FDP-HL) og for langsiktig byutvikling på Jæren (FDP-J), er avgjerande for å nå dei nasjonale og regionale måla for areal- og ressursforvaltninga, samt målet om å halvera den årlege omdisponeringa av dyrka og dyrkbare jord. Respekten for planane i kommunane er varierende. Eigarskapet til planane på lokalpolitisk nivå er høgare på Jæren enn for Haugalandet (Nord-Rogaland).

Erfaringane til nå har vist at gjennomføring av fylkesdelplanar som gir klare forpliktingar for arealbruk, er avhengig av ein styringsambisjon frå regional stat. Fylkeskommunen fremmer berre heilt unntaksvis motsegn, sjølv om kommune-, eller reguleringsplan er i strid fylkesdelplan.

Dispensasjonar og spreidde tiltak i LNF-område og kjerneområde landbruk

2007 syner ei auke i talet på dispensasjonar etter § 7 i plan- og bygningslova innanfor LNF-områda i Rogaland, samanlikna med 2006. 237 saker i 2007 mot 206 i 2005.


Statistikken inkluderar ikkje dispensasjonar i strandsona og verneområde. Miljøvernavingdelinga gav i 2007 uttale til 290 dispensasjonar i slike område. 35 av desse blei påklaga – 24 av desse send til settefylkesmann.



Vel 10 % av tal saker i denne statistikken blir ikkje gjennomført, enten pga av eit nei i den endelege kommunale behandlinga, eller av di saka blir påklaga av regional stat (les Fylkesmannen).

2007 viste ei kraftig auke i tal saker påklaga av Fylkesmannen i Rogaland. 39 saker i 2007 mot om lag 20 saker i 2005 og 2006. Dette fortel at oppfølging av nasjonale og regionale mål for areal- og ressursforvaltninga, blir stadig meir krevjande.

Settefylkesmannen (Vest-Agder) gir Rogaland medhald i 100% av sakene. Slik sett ser det ikkje ut til at Rogaland sin terskel for å påklage saker i landbruksområde er for låg. Heller tvert imot, at fleire saker kunne vore påklaga. Knappe ressursar innan fagområdet på embetet påverkar og omfanget, og sjølv sagt omsynet til det lokale sjølvstyret.



Over tid og i sum representerer desse enkeltøknadene om tiltak utanom stadbunden næring eit inngrep i jordbrukslandskapet der konfliktane med landbruksnæringa gradvis kjem til syne, og på ein måte der landbruksinteressene ofte vil måtte vike. Det utgjer og framleis ein trussel og utfordring knytt til måla om sikring av kjerneområde landbruk, og høve til å drive ein kostnadseffektiv produksjon i desse områda. I tillegg gir det negative konsekvensar med fragmentering av kulturlandskapet.

Konkrete innspel til rapporten og forslag til nye verkemiddel:

3.6.4 Dokumentasjon av den reelle arealutviklinga

Fylkesmannen i Rogaland er samd gruppa si vurdering om at dokumentasjonen av den reelle arealutviklinga i landbruksområda er svak. Dette inkluderar underrapportering og manglande kvalitet på statistikk for avgang dyrka jord i Kostra og manglande nasjonal oversikt over dispensasjonspraksis i landbruksområda.

Dei mangelfulle tala gjer ei resultatmåling av arbeidet knytt til målet om å redusera den årlege nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord innan 2010, svært utfordrande.

Riksrevisjonen sin rapport Dok. Nr 3:11 (2006-2007) stadfester ei manglande nasjonal oversikt over arealbruken og utviklinga i LNF-områda.

Fylkesmannen i Rogaland vil og peike på at det i dag ikkje eksisterar statistikk for det arealforbruket landbruksnæringa sin eigen byggeaktiviteten representerer.

5.2 Styrke jordvernet i plan- og bygningslova

Fylkesmannen i Rogaland registrerar at forslag til ny planlov har som mål å styrke den kommunale oversiktsplanlegginga. Lovforslaget opnar m.a. for muligheit til hensynssoner, som m.a. kan ivareta jordverninteresser. Planforslaget gir og høve til at det kan bli vedteke bindande regional planføresegn, i påvente av at kommunane eksemplvis innarbeider jordverngrense i sine kommuneplanar.

Til det siste vil Rogaland peike på at slike langsiktige utbyggingsstrategiar med "jordverngrense" og "kjerneområde landbruk", allereie er innarbeida i kommunale og regionale planer i vårt fylket. I så måte er dette eit verktøy som i praksis har vore i bruk i ein del år i Rogaland. Utfordringa i vårt fylke er å få tilstrekkeleg lokalpolitisk respekt for slike planar, der politikarane på val kvart 4. år og skiftande politisk fleirtal i den enkelte kommune skal følgje opp langsiktige by - og tettstadgrenser i ein fylkesdelplan med 40 års planperiode.

I tillegg er det, særleg framtrudande på Jæren, ein "kamp" mellom kommunane om å "ikkje vekse mindre enn nabokommunen". Ei hovudutfordring elles i ein vekstregion som Rogaland er sjølvstøtt den generelle veksten (i ein historisk lang periode med høgkonjunktur) som i seg sjølv avgjer arealforbruket og viljen til å hushaldera/ikkje hushaldera med areala, innafør utpekte utbyggingsområde.

Statistikken for SSB for 2007 syner til dømes ei folketalsvekst for sentrale kommunar "midt i matfatet" på Jæren, opp mot 4 % i 2007 (Sola og Klepp) og 6,6% i ein kommune som Rennesøy, nord på fastlands-Jæren.

Dispensasjonar i landbruksområde (LNF-område)

Kapittel 19 dispensasjon i forslag til planlov "§ 19-4 Dispensasjonsmyndigheten" står det:

Myndigheten til å gi dispensasjon tilligger kommunen.

Dersom det er nødvendig for å ivareta nasjonale eller viktige regionale interesser og hensyn i nærmere angitte deler av strandsonen eller fjellområder, kan Kongen i forskrift legge myndigheten til å gi dispensasjon fra bestemte planer, eller for bestemte typer tiltak, midlertidig til regionalt eller statlig organ.

Fylkesmannen i Rogaland stiller seg undrande til kvifor tidsavgrensa flytting av dispensasjonsmynde i § 19-4 opp til regionalt nivå, eksplisitt berre gjeld strandsona eller fjellområde. I fjell, - og fjordlandet Noreg, men med berre 3 % dyrka jord, er ikkje dette eit signal om at jordvern og utfordringane knytt til spreidd bygging i landbruksområda, er tilstrekkeleg erkjent av nasjonale styresmakter. Denne manglande erkjenninga kan vel ikkje berre skyldast manglande nasjonal oversikt over arealbruksutviklinga når det gjeld dispensasjonsomfanget i landbrukeområdet? Vi konstaterer at villreinen har i forslag til ny planlov større vern enn Dagros og matjorda.

Fylkesmannen i Rogaland er usikker på om forslaga i ny planlov er tilstrekkelege til å styrke jordvern i pressområda og dei fylke med jordbruksområde av nasjonal verdi. Vi registrerar at jordvern ikkje er løftet fram i lovteksten i "§ 19-4 Dispensasjonsmyndigheten".

Vårt forslag er at registrerte ”kjerneområde landbruk” og jordbruksområde i beste klimasone, må bli inkludert i § 19-4, på lik linje med strandsona og fjellområda, i endeleg forslag til ny planlov. Alternativt at § 19-4 gjeld generelt for LNF-områda.

Det viktigaste styringsreiskap for spreidde arealbruksendringar i landbruksområde er dispensasjonsbehandlinga etter reglane i PBL og statlege styresmakter si høve til å påklage kommunens vedtak – jf §§ 7 og 15 i nåverande lov. Ordninga med at statleg organ skal klage over kommunalt vedtak - og få ei posisjon i forvaltninga som elles er tiltenkt private partar – og ordninga med klagebehandling hos settefylkesmann er imidlertid uheldig. Fylkesmannen i Rogaland er samd i jordverngruppa si tilråding om endring av denne praksisen (s. 43 i rapporten).

5.3 Initiativ til regional plan

Vi syner til våre erfaringar med regional plan (fylkesdelplan) i dei mest utprega pressområda i Rogaland (Jæren og Nord-Rogaland). Fylkesmannen sluttar seg til jordverngruppa si vektlegging på at sentral stat må vere ein tydeleg pådrivar for at slik regionale planprosessar blir starta opp og gjennomført, særleg i dei by- og tettstadsregionane der nasjonale jordverninteresser og fleirbrukskonflikter er særleg dominerande.

5.7 Prioritere infrastruktur som initierer gode utbyggingsmønstre

I Stortingsmelding nr. 29 (1996-97) ”Regional planlegging og arealpolitikk” står det:

”Det må legges opp til samlede utbyggingsstrategier med klare og langsiktige grenser mellom bebyggelse og landbruks-, natur- og friluftsområdene. Spesielt må sammenhengende arealer i de beste klimasonene og med den beste jordkvalitet i størst mulig grad vernes mot nedbygging og fragmentering.”

Fylkesmannen vil understreke at i vår region er realisering av vedtekne samferdselsprosjekt, som ein del av eit plankompromiss og premiss i regionale arealbruksplanar, heilt avgjerande for at dei nasjonale og regionale måla for jordvernet blir nådd. Realisering av Gandsfjord bru i Sandnes kommune, for å komme i gang med vedtekne byutvikling i Sandnes aust, er konkret dømme på dette. Det er vår vurdering at staten i større grad burde prioritere finansiering slike prosjekt.

5.10 Utvikle den statlege regionale landbruksforvaltninga

Dersom ein ønskjer seg ein nasjonal politikk for å sikre jordvern og kulturlandskapsomsyn er dette avhenging av ein politisk vilje til nasjonal styring. Erfaringar knytt til enkeltsaker etter jordlova og plan- og bygningslova, og plansaker elles, har vist at jordvern ofte ikkje betyr nok for lokalsamfunnet, til at jordverninteressene blir sikra tilstrekkeleg. Interessene i å vekse like mykje som nabokommunen og omdisponera areal til bustad, næring og vegprosjekt får gjennomslag i staden.

Skal nasjonale mål for arealpolitikken og jordvern vere realistiske framover må ei **styringsambisjon** følgjast opp med **styringskapasitet**. Dette krev ein samordna stat nasjonalt, ressursar regionalt, tenleg myndighetsfordeling mellom lokalt og statleg nivå og ei robust organisering og samla fagmiljø, ikkje oppsplitting, av det regionale forvaltningsnivå.

Teigblanding og eigedomsstruktur

Dei siste ti åra har statleg politikk vore å leggja til rette for etablering av større gardsbruk gjennom m.a. bruksrasjonalisering. Dette er også den faktiske utviklinga, særleg på Jæren, i mindre grad i andre delar av fylket. Statistikk syner at denne politikken raskt blir omsett i praksis på Jæren, t.d. har det i tida 2004-2007 vore 105 bruksrasjonaliseringar (frådeling av tun m/bygningar og sal av resteigedommen som tilleggsgjord) i kommunane Hå, Time, Klepp, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg.

Fylkesmannen er kjend med at det ikkje er uvanleg å selje tilleggsgjord til aktive bønder som har sin landbrukseigedom i forholdsvis lang avstand frå tilleggsgjorda. På tett busette Jæren og i andre sentrale jordbruksområde i Rogaland, kor landbruksnæringa er svært aktiv og har gode framtidsutsikter, gir dette utfordringar som lite effektiv arrondering, kostnader knytt til transport av maskinar og dyr, at transporten er forureinande og at saktegåande landbruksmaskinar kan representere ein fare for trafikksikkerheita både på riksvegar og smale bygdevegar.

Vi vil også peike på dei utfordringar som ligg i at vi får frådelte tomteeigedomar, ofte med mye bygningssmasse, i spreidd rundt landbruksområde.

Fylkesmannen i Rogaland vil peike på behovet for å vurdere nærare *områdejordskifte* som verkemiddel, for å avbøte ovannemnde utvikling og for at jordbruket kan behalde og auke si konkurransekraft og redusere dei opplagte meirkostnader med ei aukande teigblanding.

OPPSUMMERING:


- 1) Fylkesmannen i Rogaland er samd gruppa si vurdering om at dokumentasjonen av den reelle arealutviklinga i landbruksområda er svak. Dette inkluderar underrapportering og manglande kvalitet på korrekt statistikk for avgang dyrka jord i Kostra, manglande nasjonal oversikt over dispensasjonspraksis i landbruksområde, og manglande nasjonal oversikt over det arealforbruket byggeaktiviteten til landbruksnæringa sjølv representerer.

Dei mangelfulle tala gjer ei resultatmåling av arbeidet knytt til målet om å redusera den årlege nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord innan 2010, svært utfordrande.


- 2) Sentral stat må vere ein tydeleg pådrivar for at regionale planprosessar blir gjennomført, særleg i dei by- og tettstadsregionane der nasjonale jordverninteresser og fleirbrukskonfliktar er særleg dominerande.
- 3) Sentral stat må prioritere og bidra til realisering av vedtekne samferdselsprosjekt, m.a. i nasjonal Transportplan, som kan dreie utbyggingsmønsteret mot områder med mindre arealkonfliktar.
- 4) "Kjerneområde landbruk" og jordbruksområde i beste klimasone må bli inkludert i § 19-4 "Dispensasjonsmyndigheten" i ny planlov, på lik linje med strandsona og fjellområda. Alternativt at § 19-4 gjeld generelt for LNF-område.

- 5) Fylkesmannen i Rogaland er samd i jordverngruppa si tilråding om endringar i høve uttale og regional klage over dispensasjonsvedtak etter plan- og bygningslova § 15, jf pkt 5.2.4 side 43 i rapporten.
- 6) Skal nasjonale mål for arealpolitikken og jordvern vere realistiske framover må ei slik klår styringsambisjon følgjast opp med styringskapasitet. Dette krev ein samordna stat nasjonalt, ressursar regionalt, tenleg myndigheitsfordeling mellom lokalt og statleg nivå og ei robust organisering, ikkje oppsplitting, av det regionale forvaltningsnivå.
- 7) Fylkesmannen i Rogaland vil peike på behovet for å vurdere nærare *områdejordskifte* som verkemiddel, for å avbøte utviklinga med utstrakt mange bruksrasjonaliseringar og ei aukande teigblanding i dei sentrale jordbruksområde i fylket.
- 8) Fylkesmannen i Rogaland syner elles til innhald og vurderingar i jordvernrapporten og støttar dei vurderingar av eksisterande verkemiddel og forslag til nye verkemiddel for jordvern som er gjort av gruppa i rapporten "Klimaskifte for jordvernet".

Med helsing



Harald Thune
fylkesmann



Jon Ola Syrstad
landbruksdirektør

Saksbehandlar: Dagfinn Hatløy
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 79
E-post: dagfinn.hatløy@fmro.no

Kopi til:

Statens Vegvesen Sør-Rogaland distrikt	Askedalen 4	6863	Leikanger
Statens Vegvesen Haugaland og Sunnhordland distrikt	Askedalen 4	6863	Leikanger
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
Naturvernforbundet i Rogaland	Postboks 441	4002	Stavanger
Rogaland Bonde - og Småbrukarlag	Kvivåg	4380	Hauge I Dalane
Jordvernforeningen i Rogaland	Sør Kolnesveien 120	4050	Sola
Rogaland fylkeskommune, Regionalutviklingsavdelingen	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Statens landbruksforvaltning	Postboks 8140 Dep.	0033	Oslo